

# Notat: KU-vurdering Røyerneset rasteplass

## 1. Bakgrunn

### 1.1. Krav om vurdering av behov for konsekvensutgreiing

I oppstarten av alt planarbeid skal ein vurdere om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing eller ikkje.

I tråd med forskrifta om konsekvensutgreiing § 4 skal forslagsstillar vurdere om planen vert omfatta av §6, § 7 eller § 8.

Nasjonale turistvegar er forslagsstillar for detaljreguleringsplan Røyerneset rasteplass. Asplan Viak er ansvarleg for utarbeiding av detaljreguleringsplanen. Lærdal kommune er ansvarleg myndigheit for planen, og avgjer om den skal konsekvensutgreiast eller ikkje.

### 1.2. Skildring av tiltaket

Føremålet med detaljreguleringsplan er å gjera rasteplassen sikrare (regulere avkøyring), tilby toalett og øvrige fasilitetar for alle trafikantar på turistvegstrekinga. Samtidig skal strandsona tilretteleggjast for ålmenta i strandsona der badetrapp og stupebrygge ned til fjorden er skissert.

Det aktuelle området er ikkje regulert eller sett av til vegareal eller anna vegføremål. I KPA til Lærdal kommune, som no er ute på høyring, er området sett av til LNFR-føremål. Lærdal kommune melder at for å gjennomføre tiltaka som skissert, må ein gjennomføre ein detaljreguleringsprosess, både fordi tiltaket er i strid mot LNF-føremålet, og fordi det er tiltak i strandsona (jf. byggjeforbod i strandsona, som og gjeld enkle tiltak).



Figur 1-1: Lokalisering av planområdet

## 2. Forskrifta om konsekvensutgreiing (§6-8)

### 2.1. Vurdering etter forskrifta si §6

§6 gjeld for planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram/melding. Planen vert ikkje omfatta av § 6, då den ikkje inneheld tiltak i vedlegg I.

### 2.2. Vurdering etter forskrifta sin §7

§7 gjeld for planar og tiltak som vert handsama etter andre lover og som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding. Planen vert ikkje omfatta av § 7, då den ikkje inneheld aktuelle tiltak i vedlegg I og II.

### 2.3. Vurdering etter forskrifta sin § 8

§8 gjeld for planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan får vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Planen vert ikkje omfatta av § 8, då den ikkje inneheld tiltak i vedlegg II.

Tiltaket er eit infrastrukturprosjekt på eit område som i framlegg til ny kommuneplan, arealdel ligg som LNFR. Faktisk bruk er grusa rasteplass for vegfarande og vegetert skråning mot fjorden. Grusarealet /dagens rasteplass er på om lag 2000 m<sup>2</sup>. Det er vurdert at utbetring av eksisterande rasteplass og tilrettelegging i strandsone ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

### 3. Oppsummering

Asplan Viak AS konkluderer ut i frå dette at planen for Røytneset rasteplass ikkje omfattar tiltak som gjer at planarbeidet fell inn under det saklege verkeområdet for KU- forskrifta. Vurderinga er at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutreiing, men at det er tilstrekkeleg med ei grundig vurdering av verknadene tiltaket vil ha for miljø og samfunn som ein del av planomtala.

Versjonslogg:

01	12.09.22	Vedlegg til planinitiativ	SN	HR
<b>VER.</b>	<b>DATO</b>	<b>BESKRIVING</b>	<b>AV</b>	<b>KS</b>